Statkraft

NVE
Postboks 5091, Majorstua
0301 Oslo

Postadresse
Statkraft AS
Postboks 200 Lilleaker
0216 Oslo
Norge

Besøksadresse
Lilleakerveien 6
0283 Oslo

Sentralbord
24 06 70 00

www.statkraft.no
post@statkraft.com

ORG. NR.: NO-987 059 699

Deres ref./dato	Vår ref.	Sted/dato
	202601174	Gaupne, 22.10.2026

Søknad om løyve til habitattiltak i Aura i 2026

Statkraft søkjer om å gjere habitattiltak i Aura øvre del hausten 2026/vinteren 2027. Dette er første del av ein samla plan for habitattiltak i Aura i 2026 og 2027.

Bakgrunn

På grunn av mindre vassføring i Aura grunna reguleringa av Aura kraftverk og kanalisering av elvestrekninga, er det ei lengre strekning mellom Litlevatnet og Finnset som går tørr på låg vassføring. Målestasjonen ved Finnset viser at det er gjennomstrøyming av vatn gjennom heile vinteren, men dette går ned i grunnen på den tørrlagte strekninga. Truleg følgjer det meste av vatnet den gamle elvebotn som er tettare.

Tiltak

Planen er å etablere kulpar på kryssingspunkt mellom gamal elvebotn og dagens elveleie. Gjennom å sortere ut finare massar og bruke det som tetting, håpar ein å løfte vasspegelen og skape vassdekt areal som ikkje botnfrys. Arbeidet bør gjerast på så liten vassføring som mogleg, men utan for mykje snø. Førebels plan er desember 2026, men det kan vere aktuelt i januar også.

I «Detaljplan for habitattiltak Aura 2026 og 2027» er det identifisert sju kryssingspunkt der ein ønskjer å etablere kulpar. Det vil vere behov for å følgje med på gjennomstrøyminga i tiltaksområda gjennom vinteren for å sikre seg at dei ikkje botnfrys. Dersom gjennomstrøyminga er for liten og kulpane frys til, må kulpane utbetrast eller tilbakeførast i etterkant. Dersom gjennomstrøyminga er formålstenleg, planlegg ein å gjere utbetringar i elveprofilen gjennom å etablere djupål i 2027

Vidare tiltak

«Detaljplan for habitattiltak Aura 2026 og 2027» viser dei planlagde tiltaka på dei ulike delområda i hovudelva i Aura fram i tid. I løpet av våren 2027 vil resten av tiltaka bli omsøkt.

Med venleg helsing

Magnus Snøtun
Miljørådgjevar – NMB Region Midt

Saksbehandlar
Magnus Snøtun

E-post
Magnus.snotun@statkraft.no

Telefon
+47 408 408 75